

 <b>Kaupanger Fotball HALDNINGSKONTRAKT</b>	Ansvarleg: Fair Play kontakt	Versjon: 1.0	Dok.nr: KIL.11.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 10.06.2015	Side: 1 av 1

Fair play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre, både på og utanfor bana. Det handlar om **RESPEKT!**

**R**ollemodell - eg følgjer spelet sine reglar, og vil vere ein rollemodell i KIL Fotball.

**E**ngasjement - eg gjer mitt beste kvar dag.

**S**amhold - på mitt lag tek vi vare på kvarandre.

**P**ositiv - eg oppfører meg positivt.

**E**ntusiasme - eg bidreg til eit godt miljø.

**K**lubben - eg vil representere KIL Fotball på ein god måte.

**T**illit - på mitt lag stoler me på og stiller opp for kvarandre.

Eg har **RESPEKT** for klubben min, trenaren, dommarene, mine føresette og mine med- og motspelarar!

Eg er kjent med KIL Fotball sine verdiar:

### **K**ompetent

*Me ynskjer å ha god struktur på organisasjonen slik at vi lagar eit grunnlag for kontinuitet og stabil drift. Me arbeider for at våre tillitsvalde skal vere skulerte til å gjere ein god jobb både sportsleg og administrativt.*

### **I**nkluderande

*Alle rollar store og små, er viktige for at KIL skal bestå. Me behandlar kvarandre med gjensidig respekt og tillit, og alle som ynskjer å spele fotball i Kaupanger skal få lov til det.*

### **L**agspelar

*Saman gjer me kvarandre gode - internt i laga, mellom laga, mellom gruppene i idrettslaget og i bygda. Me er engasjerte i klubben vår.*

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
Spelar

\_\_\_\_\_  
Føreset  
(når spelar er under 13 år)

\_\_\_\_\_  
Trenar/Lagleiar